



# Sirdal kommune

Skuleeininga

## Vedtekter for skulefritidsordning i Sirdal kommune

Vedtekter for skulefritidsordning (SFO) er laga i medhald av opplæringslova §13-7.

Vedtekter blir vedtekte av utval for oppvekst og levekår og er rekna som føreskrift.

### A. Eigarforhold

Det er skulefritidsordning (SFO) ved både Sinnes skule og Tonstad skule. SFO er eigd av Sirdal kommune og blir drifta av den einskilde skulen. Utval for oppvekst og levekår er ansvarleg styringsorgan på kommunenivå. Samarbeidsutvalet ved den einskilde skulen er òg samarbeidsutval for skulefritidsordninga ved skulen.

### B. Opptak

Hovudutlysing av SFO-tilbod skjer ein gong i året, med søkerfrist 1. april. Opptak kan òg skje gjennom året om det er ledig plass. Rektor godkjenner opptak i SFO i samarbeid med leiar for SFO.

### C. Opptaksriterium

Sirdal kommune har som målsetting at alle som treng SFO-plass, skal få det. Dersom skulen likevel ikkje kan ta imot alle søkerane, gjeld følgjande prioritering:

1. Barn med særskilte behov
2. Yngre barn skal ha plass framfor eldre
3. Søsken

### D. Opptaksperiode og oppseiing av plass i SFO

Søknad om plass skjer elektronisk via Visma Flyt Skole (VFS). Informasjon om dette ligg på kommunen si heimeside. Opptaksperiode er som elevane sitt skuleår. Ferietilbod har eiga påmelding. Elevar som får plass, reknar ein som SFO-elev frå den dato eleven byrjar, til plassen blir sagt opp skriftleg i Visma Flyt Skole, eleven går ut av 4. klasse eller eleven går ut av 7. klasse (for elevar med særskilte behov).

Plass i SFO kan seiast opp med ein (1) månads skriftleg varsling, og gjeld frå 1. i månaden. Ein betalar for oppseiingstida, sjølv om ein ikkje nyttar tilboden. Det er mogleg å søkja om endringar av opphaldstid undervegs. Søknad må sendast seinast 15. i månaden, og innvilga søknad gjeld frå 1. i neste månad. Oppseiing eller søknad om endring av type plass skjer i Visma Flyt Skole.

### E. Klage på opptak

Klage på opptak skjer skriftleg til rektor. Frist for å klaga er tre (3) veker frå dato då melding om vedtak vart motteke. Om rektor står fast ved sitt vedtak, blir klagen sendt vidare til utval for oppvekst og levekår som er klageinstans.

### F. Foreldrebetaling

SFO blir finansiert ved brukarbetaling og kommunale middel. Betalingsordning og betalingssatsar ligg i betalingsreglementet for SFO, som kommunestyret vedtek. Dersom foreldrebetalinga blir misleghalden, kan barnet mista plassen i SFO.

### G. Leike og oppholdsareal

SFO-tilboden blir som hovudregel gitt ved den einskilde skulen, i skulelokala eller i skulen sitt nærområde.

## **H. Dagleg oppholdstid og årleg opningstid**

SFO har ope alle dagar når skulen har undervising. SFO har ope før og etter skuletid, samt dei undervisingsfrie dagane for 1.-4.klasse. Opningstidene blir fastsett av samarbeidsutvalet på den einskilde skulen, innanfor tidsrommet 06.45 – 16.00.

SFO har ferietilbod før skulestart i august og etter skuleslutt i juni, haustferie og vinterferie. Det er eiga påmelding til desse dagane, og minst tre (3) veker før. Ferietilbod blir gitt ved begge skulane. SFO har stengt fire (4) veker om sommaren, i juleferien, påskeferien og seks (6) planleggingsdagar kvart skuleår.

## **I. Bemanning og leiing**

Rektor ved skulen er SFO sin øvste leiar, og har det administrative og pedagogiske ansvaret. SFO-leiar har ansvar for den daglege leiinga av skulefritidsordninga. Bemanning i SFO skal vera forsvarleg i høve til tal på barn og det einskilde barnet sitt behov. Rettleiande norm for bemanning er ein voksen pr. 12 barn. Bemanning kan bli auka dersom sfo har behov for dette ifm særleg ressurskrevjande barn.

## **J. Andre forhold**

Den einskilde skulen kan vedta praktiske retningslinjer, rutinar og reglar dersom desse ikkje er i strid med vedtekter eller sentralt gitte reglar. Dette kan til dømes gjelda tilhøve som frammøte, måltid, sjukdom, ordensreglar m.m.

Kvar skule utarbeider årsplan som skildrar innhaldet og kvaliteten i SFO-tilbodet, i tråd med nasjonale reglar.

Vedteke av utval for oppvekst og levekår: 26.05.21

Vedteke av administrasjonsutvalet: 29.06.21

Vedtektenes gjeld frå: 01.08.21